

---

Saksnr: 2020/79762-2  
Saksbehandlar: Endre Korsøen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		23.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

## Vestland fylkeskommune sin uttale til dei føreslegne forskriftsendringane i akvakulturregelverket

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommunen stør framlegga som gjeld betra regelverk i driftsfasen for akvakultur, og forventar at dette blir rasjonelt for forvaltninga og næringa. Dette samstundes som omsynet til miljø blir ivareteke gjennom krav i akvakulturdriftsforskrifta.
2. Vestland fylkeskommune er positiv til dei føreslegne endringane som medfører ei ansvarleggjering av vare- og tenesteprodusentane i akvakulturnæringa.
3. Vestland fylkeskommune stør framlegget om ei sikkerheitssone på 500 meter rundt akvakulturanlegg til havs.
4. Vestland fylkeskommune forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundigare prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast og at det vert teke omsyn til dei regionale interessene. Temaet bør takast med i regjeringa sin nye havbruksstrategi som er under arbeid.
5. Vestland fylkeskommune tilrår at det på sikt blir laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs som omfattar fleire artar enn laks, og oppmodar om at fylkeskommunane som tildelingsstyresmakt vert tekne med i prosessen og får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.

### Samandrag

Fiskeridirektoratet har send på høyring forslag om fleire forskriftsendringar i akvakulturregelverket. I forslaget ligg det krav og plikter for vare- og tenesteleverandørar som gjennomfører aktivitetar som kan medføre risiko for rømming. Høyringa omfattar vidare ei oppdatering av reglane om bruk og utslepp av legemidlar. Det er forslag om funksjonsbaserte reglar som vil gjelde for legemidlar generelt. Havbruk til havs er omfatta av dagens akvakulturregelverk. Fiskeridirektoratet har identifisert nokre behov for tilpassingar som gjelder sikkerheitssone ved akvakulturanlegg til havs og rettstilstanden ved tildeling av løyve. Fiskeridirektoratet sitt framlegg er at Fiskeridirektoratet er tildelingstyresmakt for akvakulturløyve til havs.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vi viser til høyring om endringar i akvakulturregelverket motteke 21.12.2020.

Høyringa inneheld forslag til endringar i akvakulturregelverket for tema lista opp under:

1. Utviding av verkeområde til akvakulturdriftsforskrifta (vare- og tenesteprodusentar).
2. Nye krav for å hindre, oppdage og avgrense rømming.
3. Endring av krav ved bruk og utslepp av legemidlar.
4. Endring i forskrift om reaksjonar, sanksjonar med meir ved overskriding av Akvakulturlova.
5. Tilpassingar for havbruk til havs

Punkt 1 gjeld utviding av verkeområdet i akvakulturdriftsforskrifta til å gjelde vare- og tenesteprodusentar. Bakgrunnen er at komplekse og risikofylte operasjonar på akvakulturanlegg vert utført i eit samarbeid som involverer driftspersonell på anlegget og eksterne aktørar. Bruk av vare- og tenesteprodusentar som deltek i aktivitetar knytt til akvakulturdrifta er venta å auke i framtida. Akvakulturdriftsforskrifta har krav til innhaldet i risikovurderingane som vert utført av innehavar, når det gjelder bruk av legemidlar mot lakselus og plikt til å forebygge og avgrense rømming. Det er ikkje tilsvarende føresegner for vare- og tenesteprodusentar. I høyringa er det forslag om å ta inn vare- og tenesteprodusentar i (delar av) akvakulturdriftsforskrifta.

Punkt 2 om nye krav for å hindre, oppdage og avgrense rømming er eit resultat av at det dei seinare åra har vore fleire større hendingar, og rømming frå matfiskanlegg i sjø utgjør den største delen. Forslaget inneber ei presisering om fagleg kompetanse for å hindre, oppdage og avgrense rømming av fisk. Kravet vil gjelde for både innehavar og vare- og tenesteprodusentar. Det blir også forbode å slepe produksjonseiningar med fisk. For å oppnå ei akseptabel nøyaktigheit for tal fisk i produksjonseining, vert det innført eit funksjonskrav knytt til nøyaktigheit. Vare- og tenesteprodusentar skal i tillegg straks melde frå til innehavar av akvakulturløyve dersom det er kjennskap til at fisk rømmer, eller når mistanke om rømming ligg føre.

Punkt 3 omhandlar endring av krav ved bruk og utslepp av legemidlar. Tiltaka retta mot legemidlar mot lakselus var meint å vere mellombels, og retta berre mot lakselus. Bruk av legemidlar mot lakselus er i dag på eit langt lågare nivå samanlikna med det som låg til grunn for tiltaka som ble innført i 2017. Det er ønskeleg å legge opp regelverket som eit funksjonsbasert regelverk som tar utgangspunkt i kva mål som skal nåast, og det vert i stor grad opp til verksemdene sjølve å velje løysingar for å nå måla. Med det som utgangspunkt er framlegget at dei noverande krava vert utvida til å omfatte all bruk og utslepp av legemidlar, og at reglane for både innehavar av akvakulturløyve og brønnbåt/vare- og tenesteprodusent vert samla i akvakulturdriftsforskrifta.

Punkt 4 om endring av forskrift om reaksjonar, sanksjonar med meir ved brot på Akvakulturlova og moglegheit for gebyr. Forskrifta gir reglar for når Fiskeridirektoratet kan gi gebyr til innehavar av akvakulturløyve og vare- og tenesteprodusentar. Forslaget inneber at også vare- og tenesteprodusentar kan få gebyr for brot på akvakulturdriftsforskrifta. Endringane vil stille minst like strenge krav til innehavar av akvakulturløyve og vare- og tenesteprodusentar i samband med utslepp av legemiddel.


Punkt 5 om tilpassingar for havbruk til havs. Høyringsdokumentet legg fram to tema som det er foreslått endringar i ved havbruk til havs; sikkerheitssona rundt eit anlegg og saksbehandling av søknader.

Sikkerheitssona rundt eit akvakulturanlegg er i dag 20 meter ferdselforbod og 100 meter fiskeforbod. I høyringa er framlegget ei utvida sikkerheitssone på 500 meter ved akvakulturanlegg til havs.

Ei utvida sikkerheitssone er grunngeve med at det vil vere naudsynt med ei større sikkerheitssone med fiske- og ferdselforbod ved akvakulturanlegg til havs enn det gjeldande fiske- og ferdselforbodet for kystnær akvakultur. Både fiske og ferdsel til havs går føre seg med større fartøy og kommersielle aktørar, og ut frå risikobildet er det ikkje grunn til å ha andre avstandskrav for fiske og ferdsel mot akvakulturanlegg til havs enn for petroleumsinstallasjonar.

Fiskeridirektoratet foreslår ei endring i eksisterande laksetildelingsforskrift slik at tildelingsmyndigheita for akvakultursøknadar til havs blir lagt til direktoratet, dvs. utanfor ei nautisk

mil utanfor grunnlinja og verkeområdet til plan- og bygningsloven. I dag ligg tildelingsmyndigheita til fylkeskommunen, jf. laksetildelingsforskrifta og forskrift om tildeling av løyve til akvakultur av andre artar enn laks, aure og Men det er ikkje forskriftsfesta kven som skal behandle søknadar til havs. For å sikre samanheng i regelverket blir det foreslått nødvendige oppdateringar i andre forskrifter om tildeling, men det er ikkje presisert kva for forskrifter som skal harmoniserast.



Figur 1. Norsk Polarinstitutt - definisjon av havbruk til havs er utanfor ei nautisk mil utanfor grunnlinja (utaskjærs)

Bakgrunnen for forslaget er at behandlinga av søknadar om havbruk til havs kan innebære større utgreiingar og involvering av fleire og andre sektormyndigheiter enn ved søknadar innanfor verkeområdet til plan- og bygningslova. Dermed er ikkje slike søknadar tilpassa forskrift om samordning og tidsfristar i behandlinga av akvakultursøknadar, og dei forslår at søknadar til havs blir unntatt frå denne.

Det er viktig å få avklart tildelingsmyndigheita snarleg då det er allereie er [søkt om løyve](#) til havbruk til havs, og sidan akvakulturlova gjeld på norsk sokkel er det ikkje heimel for avvisje slike søknadar.

Vedtakskompetanse : Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Endringane vil ikkje påverke klima.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje i strid med føringar i regional planstrategi.

Punkt 1 til 4 omhandlar driftsfasen. Vår vurdering er at endringane i forslaget er hensiktsmessige og vil styrke tilsynsmyndigheita. Vestland fylkeskommune er positiv til dei føreslegne endringane som medfører ei ansvarleggjering av vare- og tenesteproducentane i akvakulturnæringa. Vare- og tenesteleverandørar er ein stor og viktig del av akvakulturnæringa. Det har i lang tid vore eit stort behov for å konkretisere desse aktørane sitt ansvar ved gjennomføring av aktivitetar i tilknytning til drift av akvakulturanlegg. Desse endringane vil ikkje direkte påverke fylkeskommunen sine oppgåver då vi ikkje har myndigheit i driftsfasen.

Forslaget i punkt 5 om tilpassingar for havbruk til havs og forslag til endringar i tildelingsregelverket for akvakultur kjem derimot i berøring med fylkeskommunen som tildelingsmyndigheit.

Fylkeskommunen er tildelingsmyndigheit for akvakultursøknadar etter Akvakulturlova. Det er fylkeskommunen som behandlar søknadar og fattar vedtak om klarering av lokalitetar for akvakultur og gir løyve til akvakultur av andre artar enn laks, jf. laksetildelingsforskrifta og tildelingsforskrifta for andre artar. Akvakultursøknadane er samordna gjennom tidsfristforskrifta, som gir fristar for saksgang og koordinering av kommunar og sektormyndigheiter i søknadsprosessen. Maksimal saksbehandlingstid for kurante søknadar er i forskrifta sett til 22 veker.

I regionreforma i 2010 blei det vedteke å legge tildelingsmyndigheita og lokalitetsklarering for akvakultur til regionalt nivå. Det vart sett på som hensiktsmessig at tildeling og tilsyn vart delt i to forskjellige forvaltningsorgan. På same måte er oljeindustrien delt opp i ein tildelingsmyndigheit og ein tilsynsmyndigheit; Oljedirektoratet og Petroleumstilsynet. Når det gjeld havbruk til havs er det staten som har ansvaret for området utanfor plan og bygningslova sitt område, og det kan vere naturleg at tildeling og lokalitetsklarering vert overført til Fiskeridirektoratet som er ein statleg institusjon. Samstundes betyr dette at tildeling og tilsyn vert liggjande i same etat.

Det er i høyringa ikkje lagt fram forslag om at regionale interesser får ein forskriftsfesta rett til uttale i havbrukssøknadar til havs. Etter vår vurdering bør den eller dei næraste fylkeskommunane få ei slik forskriftsfesta rolla i tildelinga av lokalitetar til havs. På denne måten kan regionale interesser takast omsyn til på ein god måte. Eit anlegg til havs vil alltid ha behov for omfattande logistikk mot land, og i tillegg kan aktiviteten føre til fleire ringverknadar, både positive og negative, for den eller dei nærliggande regionane. Regjeringa bør derfor kome tilbake med ein grundigare prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast. Det ville vere naturleg at dette blir tatt med i havbruksstrategien som no er under arbeid i Nærings- og fiskeridepartementet.

Etter fylkeskommunen si vurdering bør det på sikt bli laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs. Korleis tildelingsmyndigheita i dette området skal organiserast bør avklarast etter ein grundig prosess. Basert på den breie erfaringa med saksbehandling av lokalitetsklareringar og løyve opparbeidd gjennom dei ti siste åra, bør fylkeskommunen vere med i denne prosessen. Rolla til fylkeskommunen i tildelingsprosessen til havs bør bli forskriftsfesta i ei slik forskrift. Ei ny tildelingsforskrift bør i tillegg gjelde for fleire artar enn laks og aure.

Det er i høyringa lagt fram at det ikkje er venta at forslaget vil føre til auka kostnader for forvaltninga. Vi vil gjere Fiskeridirektoratet merksam på at det er mogleg at dei må opparbeide seg tildelingskompetanse som gjelder for andre områder enn dei kystnære. Fylkeskommunen bruker ein del ressursar på å leggje til rette for felles kunnskapsgrunnlag og samordning mellom sektormyndigheiter. For havbruk til havs vil dette også involvere andre sektormyndigheiter som ikkje tidlegare har handsame akvakultursøknadar. Vår erfaring er at eit god samordning, felles kunnskapsgrunnlag og dialog mellom forvaltninga gjev betre og raskare saksbehandling.

#### Konklusjon

Fylkeskommunen er i prinsippet positiv til de føreslegne forskriftsendringane, og forventar at dette blir rasjonelt for forvaltninga og næringa, samstundes som at omsynet til miljøet blir ivareteke gjennom nye krav i akvakulturdriftsforskrifta. Fylkeskommunen forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundigare prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast og at det blir tatt omsyn til dei regionale interessene. Temaet bør takast med i havbruksstrategien som er under arbeid. Vestland fylkeskommune tilrår at det på sikt blir laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs som omfattar fleire artar enn laks, og oppmodar om at fylkeskommunane som tildelingsmyndigheit blir tatt med i prosessen og får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.

Vedlegg som følgjer saka:

Høyringsnotat

Høyringsbrev frå Fiskeridirektoratet

Forslag til endringar i forskrifter